



**Fyresdal kommune**  
**Sektor for plan og teknikk**

NORGES VASSDRAGS- OG  
ENERGIDIREKTORAT (NVE)  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

## Melding om vedtak

Dykkar ref:

Vår ref  
2016/1018-11

Saksbeh:

Einar Mikkelsen, 35067132  
einar.mikkelsen@fyresdal.kommune.no

Arkivkode:

S11

Dato:

22.09.2017

### Uttale til Bindøl Kraftverk

Syner til vedlagte særutskrift/uttale.

Med helsing

Einar Mikkelsen  
senioringeniør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift*



## Fyresdal kommune

Arkiv: S11  
 Saksmappe: 2016/1018-10  
 Saksbeh.: Einar Mikkelsen  
 Dato: 05.09.2017

### Saksframlegg

#### Uttale til Bindøl Kraftverk

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutval for plan og miljø	31/17	19.09.2017

#### Endeleg vedtaksrett i saka har: PM-utvalet

**Dokument i saka:** Søknad og utgreiing  
 Høyringsbrev NVE

**Bakgrunn for saka:** NVE har motteke søknad frå fleire søkjarar om løyve til å byggje 4 småkraftverk i Fyresdal kommune.

NVE ber høyringspartane om å vurdere kvar sak for seg, men òg alle sakene samla.

Komplett søknad ligg her:

<http://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201302843/2072934>

NVE hadde synfaring med grunneigarar og kommunen 05.09.2017.

Ein syner til Vannressursloven § 25 som sier at:

*Konsesjon kan bare gis hvis fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser som blir berørt i vassdraget eller nedbørsfelt og Vannforskriften §12 som sier at ny aktivitet eller nye inngrep i en vannforekomst kan gjennomføres selv om miljømålene i §4-§6 ikke nås eller at tilstanden forringes dersom dette skyldes ny bærekraftig aktivitet. Det stilles vilkår om at:*

*a) alle praktiske tiltak skal settes inn for å begrense negativ utvikling i tilstanden til vannforekomsten*

*b) at samfunnsnyttan av de nye inngrepene må være større enn tapet av miljøkvalitet*


#### **Vurdering:**

*Spørsmålet/saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2017 – 2020, arealforvaltinga skal ta omsyn til busetjing, næringsliv og naturkvalitetar.*

Det er uheldig at det kjem 4 saker samla frå NVE, når det tillegg er høyringsfrist i sommarferien. Opprinneleg høyringsfrist var 25.08.2017, men det er søkt om og gjeve utsetting av denne fristen til 9.09.2017, dette for å kunne ha sakene i PM-utvalet. Når møtet no vart ytterlegare utsett har ein ikkje rett til innsigelse, men kan gi uttale.



Bindøl kraft (SUS) ynskjer å nytte eit fall på 330 meter i elva Bindøl og overføre Skjeggerudbekken. Inntaket i Bindøl er planlagt på kote 483 med kraftstasjon på kote 275. Vassvegen vil bli 1930 m lang og vera nedgraven heile strekninga. Middelvassføringa i Bindøl er på 381 l/s og planlagt maksimal slukeevne er 1060 l/s. Inntaket til overføringa av Skjeggerudbekken er planlagt på kote 525 med nedgraven røyrgate på heile strekninga. Middelvassføringa i Skjeggerudbekken er på 20 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 1,7 MW og skal etter planane gje ein årleg produksjon på 4,26 GW. Av dette utgjer overføringa 0,17 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring over ein strekning på om lag 2000 m i Bindøl og 1200 m i Skjeggerudbekken. Det er planlagt ei minstevassføring på 21 l/s i Bindøl om sommaren og 11 l/s om vinteren. Det er planlagt minstevassføring på 1 l/s heile året i Skjeggerudbekken.



Det er lagt ved konsekvensvurdering av Faun naturforvaltning AS, denne syner at ei utbygging vil ha små verknader for biologisk mangfald. Det biologiske mangfaldet er beskjedent, og konfliktpotensialet er vurdert som tilsvarende lite. Verknaden for landskapet er moderat.

### Konklusjon:

Kommunen finn at prosjektet gjer meir nytte enn ulempe når ein ser samla på prosjektet. Ein ser ikkje at det i dette høvet er så store inngrep at ein skulle gå imot desse utbygginga. Det er viktig at utbygginga vert gjort med god terrengtilpassing og at ein får ein god revegetering. Ein kan vurdere å ikkje overføre av Skjeggerudbekken, då denne ikkje bidreg med mykje og ein vil då bevare eit myrområde.

**Innstilling frå rådmannen:**

Fyresdal kommune er positiv til utbygging av Bindøl kraftverk, men rår til at ein ikkje tek med overføring av Skjeggerudbekken.

**Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 19.09.2017**

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen.

**Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 19.09.2017**

Fyresdal kommune er positiv til utbygging av Bindøl kraftverk, men rår til at ein ikkje tek med overføring av Skjeggerudbekken.

Ketil O. Kiland	
rådmann	Einar Mikkelsen
	senioringeniør